

Villy Johan Villanger
Litlelindås 83
5943 AUSTRHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/591 - 23/4934

Saksbehandlar:
Stein Kåre Løvslett
stein.kare.lovslett@austrheim.kommune.no

Dato:
30.05.2023

Vedtak -Gbnr 152/40 - pålegg om retting av feil på septiktank

Administrativt vedtak. Saknr: 053/23

Vi syner til melding frå NORVA 24 motteke 08.05.2023

Videre viser vi til vedtak med pålegg om retting i sak 157/21 datert 18.11.2021 (vedlagt).

Vedtak

Det vert gjeve pålegg om retting av feil ved slamavskiljare i medhald av plan- og bygningslova §§ 32-3 og 32-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og forureiningslova §§ 7 og 84 samt forureiningsforskrifta § 12-13.

Frist for retting er satt til 21.06.2023.

Dersom pålegget ikkje er retta innan fristen vil det bli utskivet tvangsmulkt. Videre vil det bli vurdert retting av feil og manglar for eigars regning.

Saksutgreiing:

Austrheim kommune har fått melding frå Norva 24 Vest AS som er operatør for tømning av septiktankar for NGIR i Austrheim kommune. I meldinga er det opplyst at det er manglar med dykkar septiktank. Det vert opplyst at skiljeveggane i septiktanken er lause (bilde vedlagt). Lause skiljeveggar i septiktanken fører til dårlegare reinsing av avlaupsvatnet. Disse manglane fører til ulovlege utslepp og ureining av resipienten. Disse manglane må utbetrast



av fagleg kompetent personell. Manglane er tidligare påpeika og det er gjeve pålegg om retting i sak 157/21 datert 18.11.2021.

Ingen av feila som var påpeika og gjeve pålegg om retting i 2021 er utbetra. Dette har ført til at austrheim kommune no sett ein frist til 21.06.2023 for utbetring av feila som er påpeika.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal heimelshavar eller utførande skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10.

Tvangsmulkt

Saman med vedtak om pålegg om retting, har kommunen høve til å fastsetje tvangsmulkt etter plan- og bygningslova § 32-5. Dette kan gjerast utan vidare varsel. Plan- og bygningslova § 32-5 lyder slik: *”Ved forhold i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven, kan plan- og bygningsmyndighetene fastsette tvangsmulkt for å få gjennomført gitte pålegg innen en særskilt angitt frist. Tvangsmulkten fastsettes samtidig med pålegg om retting og løper fra fristoverskridelsen for retting. Der tvangsmulkt ikke fastsettes samtidig med pålegg, skal det gis eget forhåndsvarsel om tvangsmulkt. Det kan fastsettes at tvangsmulkten løper så lenge det ulovlige forhold varer, som et engangsbeløp eller som en kombinasjon av løpende mulkt og engangsbeløp. Tvangsmulkten ilegges den ansvarlige for overtredelsen, og tilfaller kommunen. Når det ulovlige forhold er rettet, kan kommunen nedsette eller frafalle ilagt tvangsmulkt.”*

Dersom eit eventuelt pålegg ikkje vert følgt, kan kommunen utferde førelegg etter plan- og bygningslova § 32-6. Et slikt førelegg vil kunne få same rettsverknad som ein rettskraftig dom og fullbyrdast etter reglene for dommar. Eit førelegg kan tinglysast som hefte på eigedomen.

Tvangsmulkt vert truleg satt til NOK 750 pr. dag.

Om det er spørsmål kring overståande kan sakshandsamar kontaktast direkte på telefon.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Stein Kåre Løvslett
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Kopi til:

Bjørn Børge Torsvik Størkersen

NGIR

Norva24 Vest As Avd Sløvåg

Lindåsvegen 1260 5956

Sløvågen 16 5960

HUNDEVIN

DALSØYRA

Mottakere:

Villy Johan Villanger

Littleindås 83

5943

AUSTRHEIM